



## Gyldig legitimasjon

Statens vegvesen godtar kopi av følgjande legitimasjon:

- Norsk pass (ikkje naudpass)
- Norsk bankkort med bilete
- Norsk førarkort utferda etter 1. januar 1998
- Forsvarets ID-kort
- Norsk sjøfartsbok
- Postens ID-kort
- Norsk reisebevis for flyktningar
- Utlendingspass (ikkje godkjent dersom det er utferda for enkeltreise)
- Utanlandsk pass (ikkje naudpass)
- ID-kort frå EU/EØS-land

All norsk legitimasjon skal ha både bilete og fødselsnummer/D-nummer (11 siffer). Legitimasjonen vil ikkje bli godtatt dersom fødselsnummer/D-nummer er uleseleg eller berre delvis synleg.

## Oversikt over kva for personopplysningar som kan vere registrerte innanfor dei ulike kategoriane

**Førarkort:** Førarkort og kompetansebevis knytte til føring av køyretøy (for eksempel yrkessjåførbevis, ADR-bevis og uttrykkingskompetansebevis).

**Køyretøy:** Opplysningar knytte til køyretøy du eig eller har eigd.

**Tilsyn og kontroll:** Opplysningar knytte til kontrollar av køyretøy, trafikantar, verkstader og køyreskular.

**Veg:** Opplysningar knytte til planlegging, bygging, drift, vedlikehald og forvaltning av vegar, bruer og tunnelar (for eksempel dokumentasjon knytt til ekspropriasjon av eigedom, høyringsfråsegner, reguleringsplanar).

**Transport:** Opplysningar knytte til oppgåver i samband med styring og forvaltning av trafikk og andre samfunnsoppgåver (for eksempel dokumentasjon knytt til arbeidsvarslingar, publikumsførespurnader, ulykkesanalyser, utgreiingar, strategiar og tiltaksplanar for overordna myndigheit, FoU-prosjekt).